



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Økonomien i jordbruket på Vestlandet 2022

Trender og utvikling 2013-2022

Tabellsamling 2018-2022

NIBIO RAPPORT | VOL. 10 | NR. 25 | 2024



Patrycja Klimek og Torbjørn Haukås
Divisjon for Kart og statistikk

TITTEL/TITLE

Økonomien i jordbruket på Vestlandet 2022. Trendar og utvikling 2013-2022
Tabellsamling 2018-2022

FORFATTAR(AR)/AUTHOR(S)

Patrycja Klimek og Torbjørn Haukås

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TILGANG/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
21.02.2024	10/25/2024	Open	14305	17/00916.
ISBN:	ISSN:	ANTAL SIDER/ NO. OF PAGES:	ANTAL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:	
978-82-17-03472-8	2464-1162	90	0	

OPPDRA GSGJEVAR/EMPLOYER:

Landbruks- og matdepartementet

KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Patrycja Klimek

STIKKORD/KEYWORDS:

Driftsøkonomi, foretaksøkonomi, Vestlandet,
driftsgransking

FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Regional økonomi Vestlandet

SAMANDRAG/SUMMARY:

Ei oversikt over utviklinga i landbruket dei siste 10 åra i fylka Vestland og Møre og Romsdal vert presentert. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2022 var det med totalt 908 bruk, der 188 var frå Vestlandet; 129 frå Vestland fylke og 59 frå Møre og Romsdal. Det er ein auke i jordbruksinntekta for bruka på Vestlandet, det er også ein auke på landsbasis frå 2021 til 2022. Jordbruksinntekta er målt som vederlag til arbeid og eigenkapital. Det er stor variasjon mellom ulike produksjonar. Driftsformene mjølk, storfeslakt og sau hadde ein auke i jordbruksinntekta samanlikna med 2021. Det er nedgang i resultatet for frukt- og bærproduksjonen i 2022.

LAND/COUNTRY:

Noreg

FYLKE/COUNTY:

Vestland, Møre og Romsdal

GODKJEND /APPROVED

Hildegunn Norheim

NAMN/NAME

PROSJEKLEIAR /PROJECT LEADER

Heidi Knutsen

NAMN/NAME



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Forord

Driftsgranskingane er ei årleg rekneskapsgransking som i 2022 omfatta 908 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er stort, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Denne rapporten inneheld regionale data frå Vestlandet.

Rapporten er basert på driftsgranskingsdata frå dei to vestlandfylka Møre og Romsdal og Vestland. For rekneskapsåret 2022 var det med 188 bruk frå Vestlandet i granskinga. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidarar ved fleire av NIBIO sine kontor. NIBIO-kontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Vestlandet.

Bergen, 21.02.24

Patrycja Klimek

Innhold

1	Innledning.....	5
2	Jordbruksøkonomien på Vestlandet i 2022 – utvikling og driftsresultat.....	6
3	Trender og økonomisk utvikling siste tiåret.....	11
3.1.	Resultatmål i jordbruket.....	11
3.1.1	Driftsoverskot.....	11
3.1.2	Vederlag til arbeid og egenkapital	14
3.1.3	Lønsevne per time.....	16
3.2	Skogbruket.....	17
3.3	Totaløkonomi	18
3.4	Nettoinvestering, gjeld og soliditet	19
3.4.1	Nettoinvestering	19
3.4.2	Gjeld	20
3.4.3	Soliditet	21
3.5	Inntektsverknad av jordbruksfrådrag	22
4	Tabellsamling 2018-2022.....	25
5	Forklaring på faguttrykka i tabellsamlinga	89

1 Innledning

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)¹ ved opprettinga i 1947. Ved fusjonen mellom NLI og Budsjettnemnda for jordbruket i 1986, vart driftsgranskingane lagde til Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk Forsking, NILF. Etter fusjonen mellom NILF, Bioforsk og Skog og Landskap i 2015, hamna driftsgranskingane i avdeling for driftsøkonomisk analyse i NIBIO.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og innspel til offentleg politikk og forvaltning. Granskingane skal også gje grunnlag for dokumentasjon for den samfunnsøkonomiske verdiskapinga i landbruk og tilknytte næringar.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane, dei siste åra er tal deltakarbruk noko redusert. I 2022 var det i alt med 908 bruk i driftsgranskingane. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå tilskotsregisteret til Landbruksdirektoratet. Bruka som vert trekte ut, skal ha ei standard omsetning større enn kr 150 000. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 70 år. Kvart år vert mellom 5 og 10 prosent av deltakarbruka skifta ut. Av dei 908 bruka i driftsgranskingane i 2022, kom 188 bruk frå Vestlandet. Av desse kom 59 frå Møre og Romsdal og 129 frå Vestland fylke. Denne rapporten tar for seg økonomien i landbruket på Vestlandet i 2022, og viser økonomisk utvikling dei siste ti åra.

Kapittel 2 viser hovudtala for Vestlandet for 2022, og omhandlar driftsresultatet i jordbruket for dette året. Kapittel 3 viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen. Kapittel 4 er sjølve tabellsamlinga som inneheld tal frå driftsgranskingane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Utvalet av bruk i driftsgranskingane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvart fylke, men for regionen. Dette må ein ta omsyn til når ein tolkar resultatata eller nyttar tala. Alle økonomiske data i kapittel 4 (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte. Sist i rapporten finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

1. NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slege saman med Sekretariatet for Budsjettnemnda i jordbruket. Frå 1.7.2015 inngår NILF i NIBIO som er ein fusjon mellom Bioforsk, Skog og landskap og NILF.

2 Jordbruksøkonomien på Vestlandet i 2022 – utvikling og driftsresultat

Resultata for driftsgranskingane 2022 er basert på en rekneskapsundersøking av 908 gardsbruk over heile landet. Bruka er tilfeldig utvalde etter landsdel, driftsform og storleik. For Vestlandsregionen i 2022 var det med 188 bruk. Av desse låg 129 i Vestland Fylke og 59 i Møre og Romsdal, noko som utgjer 20,7 prosent av den totale populasjonen i undersøkinga. Resultata gir eit godt bilde av endringar og trendar i regionen.

Vestlandsbonden oppnådde ei jordbruksinntekt, målt som vederlag til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk, på kr 395 400 i 2022. Det er ein auke på kr 16 700 frå året før. For Vestland fylke var auken kr 15 400 og for Møre og Romsdal fylke kr 21 300. Auken i inntekta til bøndene heng saman med stigande prisar på landbruksprodukt. Prisane for nesten alle jordbruksprodukta gjekk opp i 2022, auken er i snitt 18,4 prosent. Berre egg hadde ein liten prisnedgang på kr 1,30 per kg samanlikna med året før. Trass i den generelle produksjonsnedgangen i regionen sørga høge prisar for ein auke i gjennomsnittleg bruksinntekt både for planteproduksjon og husdyrproduksjon. Faste og variable kostnader auka også med om lag kr 70 000 i gjennomsnitt samanlikna med året før.

Tilskota i 2022 har i gjennomsnitt auka med kr 98 400. Den største prosentvise auken er for kulturtilskot og produksjonstilskot husdyr med over 35 prosent auke.

Regionen hadde ein liten auke i gjennomsnittsareal frå 315 til 317 daa. Gjennomsnittleg arbeidstid på garden i 2022 var 3 420 timer, ein nedgang på 34 timer samanlikna med 2021. Lågare arbeidsforbruk hadde ein positiv innverknad på sluttresultatet.



Bilde 1. Vestlandsk raudkolle; Foto Anna Holene

Mjølkeproduksjonen i regionen er ei av dei største gruppene, med totalt 75 deltakarbruk i 2022. Gjennomsnittleg tal årskyr er 30,5 i 2022, dette er ein auke på 0,4 årskyr frå før, og yting målt i kg per årsku var 8 094. Mjølkeyting per årsku gjekk ned 155 kg, det var også nedgang i mengde levert mjølk

med 2 393 liter per bruk samanlikna med året før. Dette heng truleg saman redusert mjølkekvote. Produksjonen av storfekjøtt auka med 227 kg. Jordbruksarealet per bruk gjekk ned med 10 dekar til 349 dekar i 2022.

Produksjonsinntekt i alt pr bruk auka med kr 327 800, ei av årsakene er auke i grovfôrinntekt grunna auka verdi av grovfôrlager. Tilskota auka med 18 prosent, viktigaste årsak var ekstra tilskot i samband med prisauke på driftsmiddel grunna internasjonale forhold. Inntekter frå husdyr auka med 8 prosent på grunna av auka prisar. Kostnadene auka med 11 prosent. Driftsoverskot per bruk auka med kr 93 600 eller 13 prosent. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital pr årsverk utgjorde kr 425 200, ein auke på kr 40 700 eller 10,6 prosent. Lønsevne per time var kr 220 i 2022, ein auke på kr 24,55.

Sum timar i jordbruket auka med 27, medan tal timar utført av familien gjekk ned med 5 timar per bruk. Familiens arbeid på nyanlegg auka med heile 40 timar.

Det er nedgang i investeringar både i 2021 og 2022 etter ein kraftig auke på over 50 prosent i 2020. Gjennomsnittsverdien i 2022 for nettoinvesteringar er kr 153 600, ein nedgang på nesten 24 prosent samanlikna med 2021 og 54 prosent samanlikna med 2020.

Gjennomsnittleg gjeld auka med 11 prosent, medan eigedelar i alt auka med 9 prosent. Gjeldsprosenten auka med 2 prosentpoeng frå 41 til 43.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald hadde ein inntektsauke på kr 38 000 i 2022 samanlikna med året før. Det har vore ein auke i på 6 dekar i samla jordbruksareal, 38 prosent av dette er leigejord. Det har vore ein nedgang i tal årskyr på 0,8, og ein nedgang i yting per årsku på 121 liter, noko som bidrog til ein nedgang i levert mjølk på 11 628 liter. Tal vinterfôra sau gjekk ned med 2 i 2022. Produksjonen av storfekjøtt auka med 382 kg, og tal gagnslam per vinterfôra sau auka frå 1,3 til 1,4.

Tilskota auka med 19 prosent. Ekstra tilskot bidrog mykje til resultatet også for denne gruppa.

Tal arbeidstimar i jordbruket auka frå 3 848 til 3 946. Timar innleigd arbeidskraft auka med 6 prosent samanlikna med året før.

I 2022 var det en auke i dei totale kostnadene på rundt 12 prosent, dei faste kostnadene auka med vel 8 prosent og dei variable kostnadene auka med 16 prosent. Den største delen av dei variable kostnadene er kraftfôr med 59 prosent. Det var ein auke i kraftfôrkostnadene på 11 prosent.

Driftsoverskotet for denne gruppa auka med 12 prosent til kr 941 800. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk auka med 10 prosent til kr 502 100. Lønsevne per time auka med 22,46 kroner til kr 255,00 i 2022. Den totale gjelda auka med kr 220 100 i løpet av året, ein auke på 4 prosent. Gjeldsprosenten gjekk ned med 2 prosentpoeng til 32.

Produksjon av storfekjøtt på ammekyr eller innkjøpt kalv hadde ei inntekt på 254 400 i 2022. Dette er ein auke på 10 prosent frå året før. Etter ein drastisk nedgang i inntektene på over 40 prosent i 2018, har det vore en aukande trend sidan då og ei stabilisering av resultatet i fjor. Trass i små endringar i buskapen var det ein stor nedgang i omsett storfekjøtt på 1 368 kg samanlikna med 2021. Sjølv om det var høgare kjøtpisar, resulterte produksjonsnedgangen i lågare husdyrinntekt i alt. Tilskota auka med 14 prosent, dette kompenserte for reduksjonen i husdyrinntekter og førte til at produksjonsinntekter i alt vart nesten kr 70 000 høgare enn året før.

Kostnadene auka med berre 2 prosent. Dette skuldast nedgang i variable kostnader på 7 prosent, mest på grunn av lågare kraftfôrkostnader knytt til mindre produksjonsomfang. Faste kostnader auka med 10 prosent.

Driftsoverskotet for denne gruppa er lågt, med kr 294 300 per bruk. Det er ein auke på 18 prosent. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk var kr 254 400, ein auke på 10 prosent. Lønsevne per time auka frå kr 110 til kr 128.

Nettoinvesteringane auka, noko som visar att i auka gjeld. Gjennomsnittleg gjeld per bruk auka med 21 prosent, og gjeldsprosenten auka med 8 prosentpoeng til 51.

Sauehald. Sau er ei viktig næring på Vestlandet, og tradisjonelt har det vore låg lønsemd i denne næringa. I 2022 var det med 28 sauebruk med 140 vinterføra sauer i gjennomsnitt, 2 færre enn året før. Bruka hadde 255 dekar jordbruksareal ein auke på 9 dekar frå året før. Det var ein nedgang i produsert sau- og lammekjøtt på 1 prosent.

Husdyrinntektene auka med 9 prosent til kr 307 500. Høgare kjøtpris var hovudårsak til auken. Tilskota auka med 14 prosent til kr 586 500. Kostnadene auka med 14 prosent.

Driftsoverskotet auka med 7 prosent til kr 222 600 per bruk. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk auka med 6 prosent til kr 223 200. Lønsevne per time auka med kr 7 til kr 95 per time. Sauehaldet har den svakaste lønsemda blant dei presenterte driftsformene på Vestlandet.



Bilde 2. Rygjasau; Foto: Anna Holene

Frukt- og bærproduksjon er ei viktig næring i regionen. Særleg gjeld dette Hardanger, Sogn og Nordfjord. Den gjennomsnittlege frukt- og bærarealet er 49 daa, rundt 25 prosent av arealet er leigejord. I 2022 var fruktavlinga i gjennomsnitt 23 prosent lågare enn året før. Epleavlinga per daa var nesten 600 kg lågare, plommer over 500 kg lågare og moreller omlag 350 kg lågare. Prisane på frukt i 2022 steig i gjennomsnitt med 5 prosent. Dette har medført ein nedgang i produksjonsinntektene for denne gruppa på 16 prosent i 2022 til kr 1 308 400. Tilskota fall med 5 prosent for denne gruppa då ein stor del av tilskota er pristilskot per kg på frukt- og bær.

Kostnadene var om lag uendra frå året før. Dei variable kostnadene auka med 13 prosent medan dei faste gjekk ned med 2 prosent. Hovudårsaka til fall i faste kostnader var nedgang i leigd arbeid grunna lågare frukt- og bæravlingar.

Frukt- og bærbruka var den einaste gruppa med resultatnedgang frå 2021 til 2022. Etter toppavlingar i 2021 vart det mindre avlingar i 2022. Dette er årsaka til nedgang i alle resultatmåla. Driftsoverskotet gjekk ned med 33 prosent til kr 516 700. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk vart redusert med 22 prosent og lønsevne per time gjekk ned med kr 68 til kr 216.

Nettoinvestering per frukt- og bærbruk gjekk ned til kr 47 300 etter høge investeringsnivå både i 2020 og 2021. Gjelda auka med 17 prosent frå året før. Frukt- og bærbruka har framleis god soliditet sjølv om gjeldsprosenten auka med 2 prosentpoeng frå 2021 til 2022.



Bilde 3. Rød Torstein; Foto: Åsmund Asdal

Nettoinvesteringane samla frå alle bruka på Vestlandet gjekk ned med kr 75 000 per bruk til kr 102 700 i 2022. I 2022 ligg Vestlandet kr 124 600 under landsgjennomsnittet, medan i 2021 var det Vestlandet som låg kr 41 300 over landsgjennomsnittet. Dei høgaste nettoinvesteringane var på bruk mellom 300-500 daa og 200-300 daa. Blant driftsformene investerte mjølke- og saueprodusentane mest, medan frukt- og bærprodusentane investerte minst. I 2022 auka den gjennomsnittlege gjelda for bøndene i regionen frå 3,4 mill. kr til 3,8 mill. kr, men gjelda er framleis lågare enn landsgjennomsnittet, som var på 4,7 mill.kr.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket på Vestlandet utgjorde nesten 43 prosent av dei samla inntektene til familien i 2022, 2 prosentpoeng meir enn i 2021. Lønsinntekt utgjorde 43 prosent. Skogbruk og tilleggsnæring med utgangspunkt i ressursane på bruket utgjorde høvesvis 1 og 8 prosent. Resten av dei samla inntektene er anna næring, pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter.

Tabell 2-1 Resultatmål for ulike grupper av bønder på Vestlandet i 2021 og 2022.

	Tal bruk	Gj. Areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk		Skattekorigert vederlag per årsverk	
	2022		2021	2022	2021	2022	2021	2022
Vestlandet, alle	188	317	598200	625200	378700	395400	411700	429600
Bruk < 50 dekar	11	35	541200	354900	459000	352600	497300	396000
« 50 - 100 dekar	14	71	834400	525500	537200	407900	565200	437000
« 100 - 200 dekar	34	163	365500	385500	293600	325700	332200	364900
« 200 - 300 dekar	46	242	412200	444700	294400	314200	327900	348600
« 300 - 500 dekar	52	374	584800	706500	352300	409400	386200	444600
> 500 dekar	31	711	1087800	1160700	455900	49300	48500	523000
Mjølkeproduksjon	75	405	714800	808300	38500	425200	418600	459400
Mjølk/sauehald	16	421	840000	941800	464400	502100	494200	532600
Kjøttproduksjon, storfe	18	362	248700	294300	231300	254400	26100	291200
Sauehald	28	255	208400	222600	178100	189200	210400	223200
Frukt og bær	20	54	768200	516700	538600	413600	570700	45200
Vestland fylke	129	281	574500	596900	369900	385300	402600	422600
Møre og Romsdal fylke	59	395	647300	687100	393000	414300	426800	448800

3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

Dette kapitlet viser trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 2013 til og med 2022. Materialet er gruppert etter region, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små, og for dei kan utskifting av bruk og større investeringar på einsskilde bruk skje utslag på resultatata. Bakgrunnsdata for figurane er deflaterte etter konsumprisindeksen, slik at alle resultatmåla er presenterte som 2022-kroner. Definisjonar av de ulike resultatmåla er heilt til slutt i rapporten.


3.1. Resultatmål i jordbruket

3.1.1 Driftsoverskot


Driftsoverskot vert nytta i rekneskap og økonomi for å vise bidraget frå jordbruket til totaløkonomien på bruket. Driftsoverskotet vert rekna som differanse mellom inntekter (sals- og driftsinntekter) og kostnader (varekostnader, lønnskostnader og andre driftskostnader). Driftsoverskot viser resultatet av drifta, men er ikkje korrigert for finansielle kostnader, skatt og investeringar.

Driftsoverskotet for regionen har det siste tiåret vore samanlikna med resultatet for landet. Med unntak av 2015 og 2018 har driftsoverskotet for resten av landet vore betre enn det regionale. Årsaka til avviket i desse to åra er fleire. Avviket i 2018 kan skuldast situasjonen med tørken på Austlandet i 2018. Driftsoverskotet på Vestlandet i 2022 var 13 prosent lågare enn for landet, og låg på omlag same nivå som året før (Kr 632 400 og 625 200).


Figur 3-3 viser utviklinga i driftsoverskotet etter storleiken på Vestlandsbruka i perioden 2013-2022. Den gruppa som ligg høgast, er bruk med eit areal på over 500 daa. Dei hadde eit driftsoverskot på vel kr 1 160 000, dvs. 6 % meir enn året før. Ei anna gruppe med høgt resultat er bruk med areal mellom 300-500 daa, der overskotet i 2022 var på kr 706 500 og auka med 17 % samanlikna med året før. Mellomstore bruk, dvs. mellom 200-300 daa og 100-200 daa, er kjenneteikna av stor stabilitet og små svingingar i driftsoverskotet, medan bruk med små areal mellom 50-100 daa og mindre enn 50 daa, hadde ein nedgang i 2022 på over 50 % samanlikna med 2021. Dette kan delvis forklarast med svakt resultat på frukt- og bærbruka som dominerer blant dei minste bruka. Det kan sjå ut som om dei største bruka også har størst auke i driftsoverskotet.



Figur 3-1 Driftsoverskot i middel per bruk for heile landet og Vestlandet



Figur 3-1 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet



Figur 3-2 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet.

På Vestlandet er det presentert data frå fem driftsformer. Det er mjølk, mjølk/sau, frukt- og bær, ammeku og sau. Dersom ein ser på utvikling i driftsoverskot over 10 år, går det fram at gruppa mjølk- og sau har hatt ein jamn vekst sidan 2020, og oppnådde det beste resultatet på Vestlandet i 2022 med kr 941 800. Ein auke i prisane på viktige landbruksprodukt på omlag 12 prosent, bidrog til dette. Stor auke i tilskot er også ein viktig grunn til resultatauke. Noko nedgang i volumet av husdyrproduksjon i alt (2 prosent) og auke i variable og faste kostnader trekte resultatet ned.

Mjølkeprodusentane er den største gruppa i materialet og representert av 75 bruk. Gjennomsnittleg tall årskyr i 2022 var 30,5, og var omlag 2 årskyr høgare enn i 2018. Mjølkeproduksjonen i 2018 passerte 200 000 liter og viste en aukande trend fram til 2021. I 2022 var det ein liten nedgang frå 225 018 liter til 222 625, dvs. med 1 %. Produsert mjølk per årsku i denne gruppa held seg over 8 000 kg. Mjølkeprodusentane opplevde ein auke i driftsoverskotet i 2020 nokre år med nedgang frå 2017, og i 2022 var resultatet det beste på 10 år. Oppgangen i mjølkemarknaden, prisauke på mjølk og kjøtt saman med en svak auke i timebruk og kostnader som auke mindre enn inntektene (10 prosent), er årsaka til godt resultatet for denne gruppa.

Driftsoverskot for produsentar av ammeku og sau er nesten uendra sidan 2020. For begge grupper var det ein auke i 2022, på ammeku omlag 11 prosent, og sau med 7 prosent. Produksjonsomfanget på sau og ammeku har vore stabilt dei siste åra. Tal vinterfôra sau har lege på omlag 140 sidan 2018, og jordbruksareal er lite endra. Ammeku-produksjonen har vore stabil gjennom ti-årsperioden.

Dei største variasjonane finst i gruppa frukt- og bærprodusentar. Her vart det eit svært godt resultat i 2021. Svakare avlingar i 2022 medførte ein nedgang i driftsoverskot på rundt 57 prosent. Variasjonen i denne gruppa avheng i stor grad av avlingsnivået. Relativt konstant areal og kostnadsnivå med unntak av arbeidskostnader, gjer at driftsoverskotet svingar mykje med avlingsnivået. Det er også verd å merke at prisane på frukt (eple, pærer og plommer) i 2022 auka i gjennomsnitt med 16 prosent, medan prisane på bær gjekk ned med 24 prosent. For bringebær og jordbær var det høgare avling i 2022 enn i 2021.


3.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital

Jordbruksinntekt er her definert som vederlag til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp), og til forrenting av eigenkapitalen. I 2022 ligg vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk på nesten same nivå som i fjor for regionen, opp med 4,6 prosent. Vederlag for landet i 2022 viser en stigande trend. Vestlandet har historisk hatt eit lågare vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk samanlikna med resten av landet. Unnataket er i 2018 då vederlaget var høgare for regionen.


Figur 3-5 viser at for driftsformene mjølk, ammeku og mjølk/sau i regionen har det vore en auke i jordbruksinntekta sidan 2019. Høgaste verdi er i 2021 for alle de nemnde gruppene. I 2022 var det ein svak auke samanlikna med året før, -for mjølk med rundt 11 prosent, for ammeku med 10 % og for driftsforma mjølk og sau med rundt 8 prosent.

Figur 3-6 viser at Sauebruka er kjenneteikna av mindre endringar i jordbruksinntekta. I perioden 2013-2022 har endringane svinga innanfor eit intervall på 4 prosentpoeng. Den høgaste verdien for sauebruka vart registrert i 2014 målt i faste 2022-kroner, den lågaste i 2017. I 2022 er endringa samanlikna med året før omlag 1 prosent.


For frukt- og bærbruka er endringane i jordbruksinntekta svært store. Over ein periode på 10 år har vi sett ei rekkje opp- og nedturar. Den lengste perioden med auke i verdien av jordbruksinntekta, var frå 2015 til 2018, og den høgaste jordbruksinntekta i perioden vart oppnådd i 2021. Det siste året enda med ein nedgang på 23 prosent samanlikna med året før.



Figur 3-3 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, heile landet og Vestlandet



Figur 3-4 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, for driftsformene mjølk mjøl/sau og ammeku.




Figur 3-5 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for driftsformene frukt og sau.


3.1.3 Lønsevne per time

Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimar i jordbruket. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering, og viser kva garden kan betale per innsett arbeidstime. Rentenivået har vore lågt dei siste fem åra, og kalkulasjonsrenta var på 2 prosent i 2022.

Lønsevne for Vestlandet har auka jamt og trutt sidan 2014. I 2022 passerte den 200 kr-grensa og nådde sitt høgaste resultat i ti-årsperioden. Det er 12 prosent meir enn året før. Det regionale resultatet er likevel framleis kr 55 lågare enn landsgjennomsnittet. Blant driftsformene blei dei beste resultatata oppnådde av driftsforma mjølk/sau med kr 255 per time, mjølk med kr 220 og frukt- og bær med kr 216. Den lågaste lønsevna per time er for ammeku med kr 128 og sau med kr 95 per time. Sjølv om frukt- og bærproduzentane oppnådde høg lønsevne per time, var det en nedgang på ca. 20 prosent samanlikna med året før. Dei andre gruppene hadde ein auke i lønsevne per time samanlikna med året før.



Figur 3-6 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet.




Figur 3-7 Lønsevne per time for ulike driftsformer på Vestlandet.

3.2 Skogbruket

De fleste gardsbruk i driftsgranskingane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruka driv ikkje aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. I 2022 utgjer driftsoverskot frå skog i gjennomsnitt vel 1 prosent av totalinntekta for Vestlandet. Året 2021 var prega av den høgaste veksten på 10 år. Driftsoverskotet passerte kr 20 000 i snitt per bruk. Året etter var framleis eit godt år for skogbrukssektoren, likevel var det ein nedgang på kr 4 500. Skogeigedomane på Vestlandet er i hovudsak små, og bratt terreng kan gjere det mindre lønsamt å hente ut tømmeret. Fleire år med høge tømmerprisar har medført større aktivitet i skogane på Vestlandet. Ennå er det få av bøndene som tek ut skog, men enkelte tek ut store mengder tømmer i enkeltår.

På nokre bruk betyr likevel inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet for skogen kan variere mykje frå eit år til eit anna. I 2022 minka total produktivt skogareal på landbasis frå 1 624 til 1 597 daa samtidig var driftsoverskotet for landet nesten 17 prosent høgare enn i 2021.




Figur 3-8 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet.


3.3 Totaløkonomi

Nettoinntekt er familiens (brukar, ektefelle/sambuar og barn under 17 år) samla inntekter frå jordbruk, anna næringsverksemd, skogbruk, tilleggsnæring, løn, pensjonar, renter med meir, fråtrekt renteutgifter og kår. Resultatet for Vestlandet har lege svært nær landsresultatet dei siste 10-åra. Både Vestlandet og resten av landet hadde en vesentleg auke i nettoinntekta i 2021. Resultatet på Vestlandet var 7,7 prosent høgare enn landsgjennomsnittet. I 2022 auka nettoinntekta med 5 prosent for landet, medan det var ein nedgang på 8 prosent for Vestlandet.

I 2022 utgjør inntekt frå jordbruk den største delen med nesten 43 prosent, etterfølgt av lønsinntekt med 36,5 prosent, driftsoverskot tilleggsnæring med 8 prosent og skogbruk med 1 prosent, pensjonar og sjukepengar med 5,5 prosent, kapitalinntekter med 3,6 prosent og anna næring med 2,3 prosent. Samanlikna med 2021 vart det ein nedgang i bidraget for alle grupper unntatt driftsoverskot frå tilleggsnæring og skogbruk og lønsinntekt. Kapitalinntekter hadde den største nedgangen på over 65 prosent.



Figur 3-9 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet. Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien (hushaldsinntekta) for brukarfamilien.




Figur 3-10 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på Vestlandet.

3.4 Nettoinvestering, gjeld og soliditet

3.4.1 Nettoinvestering

Nettoinvesteringar er investeringar gjort i løpet av året, minus avskrivningar, investeringstilskot og verdien av selde eigedelar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein bør derfor vurdere nettoinvestering over tid.

Det er lite samsvar mellom nettoinvesteringar på landsbasis og på Vestlandet dei siste 10 åra. I perioden 2019-2021 var nettoinvesteringane høgast per bruk på Vestlandet, medan dei fleste andre åra i perioden har Vestlandet lege under landsgjennomsnittet. Det siste året var det ein auke på 36,5 prosent i netto investeringane for landet, medan det var ein nedgang på 83 prosent i regionen. Resultatet er påverka av ein reduksjon i investeringane i driftsbygningar og mindre interesse for kjøp av mjølkekvote (både ku og geit). Investeringane i jord, grøfter og vassanlegg heldt seg på same nivå. Det var likevel ein auke i verdien av maskiner og reiskap, noko som kan tyde på vilje blant Vestlandsbøndene til å modernisere teknisk utstyr.




Figur 3-11 Nettoinvestering per bruk i jordbruket for heile landet og Vestlandet

Innanfor arealgruppene i regionen var det bruka mellom 300 og 500 daa som hadde høgast nettoinvestering i 2022. Samla nettoinvestering utgjorde kr 227 600 kroner, 59 prosent gjekk til fornying av maskiner og utstyr. Ei anna gruppe var bruk med areal mellom 200 og 300 daa, der dei totale nettoinvesteringene var på kr 117 300 kroner. På desse bruka er heile 75 prosent av verdien investert i driftsbygningar og berre 13 prosent i maskiner og reiskap. Arealgruppene med areal mellom 50-99 daa og 100-199 daa hadde positiv nettoinvestering i 2022 på høvesvis kr 75 600 og kr 49 100. Hovud investeringsområde var i begge tilfelle maskiner og reiskap. Dei to arealgruppene 0-49 daa og > 500 daa hadde negative nettoinvesteringar i 2022.

I gruppa 0-49 daa var det negativ nettoinvestering trass i store utlegg på jord, grøfter og vassalegg. Det var negativ nettoinvestering for bygningar og maskiner. Tilsvarende var det i gruppa med bruk > 500 daa negative nettoinvesteringar i driftsbygningar.

Ein analyse av nettoinvesteringane for kvar driftsform viser at mjølkebøndene er driftsforma med høgast nettoinvestering med vel kr 153 000 i 2022. Det viktigaste investeringsområdet i denne driftsforma var maskiner og reiskap som sto for 55 prosent av total nettoinvestering, deretter følgjer jord, grøfter og vassanlegg, driftsbygningar og mjølkekvote.

Sauebruka hadde ein svært stor auke i 2022 samanlikna med året før. Den største veksten er innan driftsbygningar, maskiner og reiskap. Frukt- og bærprodusentane har, etter å ha investert mykje i 2021, kutta kraftig i investeringane i 2022. I denne gruppen var det stor negativ nettoinvestering i 2022.




Figur 3-12 Nettoinvestering per bruk for ulike driftsformer, Vestlandet.

3.4.2 Gjeld


Gjelda er sum av all familiegjeld, både den private som er knytt til våningshus, bil og studielån, og gjeld knytt til investeringar i driftsapparatet på bruket. Samla gjeld er summen av kortsiktig og langsiktig gjeld. I 2022 var den gjennomsnittlege gjelda for Vestlandet om lag kr 3 758 000 per bruk, noko som er ein auke på kr 360 000 frå året før. For landet auka gjelda i 2022 med meir enn kr 250 000 og var kr 4 704 000.

Det har vore aukande gjeld dei siste 10 åra i både landet og regionen. Unntaket er året 2020, då gjelda gjekk noko ned samanlikna med 2019. Di siste åra har det vore ein liten vekst i gjelda både i regionen og for landet. Dette skuldast i stor grad pandemi og usikre tider internasjonalt.



Figur 3-13 Gjeld i middel per bruk i jordbruket for heile landet og Vestlandet

I 2022 har det vore ein gjeldsauke blant alle driftsformer unntatt sau, der gjelda har minka sidan 2019. Høgast gjeld finn vi i mjølke- og ammekuproduksjonen. Begge driftsformene ligg over gjennomsnittsverdien for Vestlandet. Driftsformene mjølk/sau, frukt- og bær og sau ligg under gjennomsnittet, og frukt- og bær har den lågaste gjelda i 2022. Kurva for driftsformene mjølk og mjølk/sau samsvarar best med kurva for regionen, medan dei andre driftsformene er prega av store variasjonar i gjeldsnivået.




Figur 3-14 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer, Vestlandet.

3.4.3 Soliditet

Soliditet er et uttrykk for evne til å tåle tap. Det er ulike nøkkeltal for å vise dette, mellom anna eigenkapitalprosenten. Eigenkapitalprosenten viser kor stor del av egedelane som er finansierte med eigenkapital og gir dermed et mål på soliditeten. Jo høgare indikatorverdi, jo lengre kan selskapet overleve periodar med svake resultat. Det er ei vanleg oppfatning at eigenkapitalprosenten bør vere over 50 prosent.

Verdien av eigenkapitalprosenten varierer mellom bruk, driftsformer og regionar. Gjennomsnittsverdi for Vestlandet er på rundt 60 prosent i 2022, mens landsgjennomsnittet er 55 prosent. Frukt- og bærbruka i regionen hadde den beste soliditeten målt ved eigenkapitalprosenten. Eigenkapitalprosenten for denne driftsforma var 76 prosent i 2022. Sauebruka hadde lågare eigenkapitalprosent, og mjølkebruka hadde lågast soliditet. På Vestlandet var det berre sauebruka som hadde en auke i eigenkapitalprosenten i 2022 frå 63 til 66 prosent. Dei andre driftsformene enda året med ein nedgang på 2 prosentpoeng samanlikna med 2021.

Mellom 2014 og 2017 var kurvene for frukt og bær- og saueprodusentar veldig like. I 2018 var det en vesentleg nedgang i verdien for begge produksjonane, medan 2 år etter var det ny auke, mest for frukt- og bærprodusentane. Det har vore lita endring i eigenkapitalprosenten for mjølkebruka i løpet av 10-årsperioden. Eigenkapitalprosenten har lege mellom 55 og 60 prosent.



Figur 3-15 Eigenkapitalprosent for ulike driftsformer, Vestlandet.

3.5 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget er eit inntektspolitisk verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget vart innført i 2000 og er gradvis auka sidan. Frå 2012 til 2019 var maksimalt frådrag kr 166 400. Beløpet vart endra i 2020 og vart sett opp til kr 190 400. I 2022 vart jordbruksfrådraget endra til maksimalt kr 195 000 kr.

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektspolitikken i landbruket. Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemd, eller som driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

For 2022 gjeld følgjande reglar: Ved næringsinntekt opp til kr 93 000 vert jordbruksfrådraget lik inntekta; ved næringsinntekt mellom kr 93 000 og kr 361 421 vert frådraget kr 93 000 pluss 38 prosent av overskotet over kr 93 000.

Maksimalt frådrag kan ein få ved næringsinntekt høgare enn kr 361 421. Satsane for både det inntektsuavhengige frådraget og taket på maksimalt jordbruksfrådrag vart endra i 2022.

Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Skatteletten av frådraget utgjer 22 prosent, og med ein marginal skattesats på 39,8 prosent kjem ein fram til inntektsverknaden ved å dividere med 0,602. Inntektsverknad per bruk vert så dividert på tal årsverk for å komme fram til inntektsverknad per årsverk. Inntektsverknaden per årsverk varierer frå bruk til bruk og frå produksjon til produksjon. Fordi skatteprosent i allmenn inntekt vart sett ned frå 23 til 22 prosent i 2019, vart effekten av jordbruksfrådraget redusert. Dei siste fire åra har skatteprosenten i allmenn inntekt lege på 22 prosent.

Det er føreteke ei samanlikning av jordbruksfrådraget for alle regionar i Norge, men også for driftsformer og arealgrupper for Vestlandet. I 2022 var gjennomsnittleg jordbruksfrådrag for landet kr 168 200, og var kr 1 100 lågare enn i 2021. Høgaste verdi er registrert for Jæren kr 185 000, medan lågaste frådrag har Austlandet andre bygder med kr 150 600. Blant driftsformene på Vestlandet fekk mjølkeprodusentane høgast jordbruksfrådrag, mens sauebruka fekk lågast. Gjennomsnittleg jordbruksfrådrag for Vestlandet var kr 173 900 per bruk.

Tabell 3-1 Jordbruksfrådrag 2022, region

Regionar	Tall bruk	Tal bruk med maksimalt frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skattereduksjon	Inntektsverknad, kroner per årsverk
Austlandet, flatbygder	191	133	12	160 700	35 600	48 000
Austlandet, andre bygder	134	79	15	150 600	33 100	38 400
Agder og Rogaland Jæren	59	48	0	185 000	40 700	30 000
Agder og Rogaland andre bygder	90	71	3	174 400	38 400	38 300
Vestlandet	188	144	11	173 900	38 300	34 200
Trøndelag, flatbygder	75	54	7	165 000	36 300	44 600
Trøndelag, andre bygder	71	52	5	171 700	37 800	37 900
Nord-Noreg	100	83	2	179 400	39 500	32 900
Alle	908	664	55	168 200	37 000	37 800

Tabell 3-2 Jordbruksfrådrag 2022 driftsformer, Vestlandet

Regionar	Tall bruk	Tal bruk med maksimalt frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skattereduksjon	Inntektsverknad, kroner per årsverk
Mjølke	75	67	1	198 300	43 600	34 200
Storfekjøt	18	7	3	129 900	28 600	36 800
Mjølke-svin	4	4	0	195 000	42 900	34 800
Mjølke-sau	16	14	1	178 600	39 300	30 500
Sau	28	12	4	122 900	2 700	3 400
Geitmjølke	5	5	0	195 000	42 900	39 300
Frukt og bær	20	17	1	181 000	39 800	35 000
Totalt	188	144	11	173 900	38 300	34 300

Tabell 3-3 Jordbruksfrådrag 2022 driftsformer, Vestlandet

Arealgruppe	Tall bruk	Tal bruk med maksimalt frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skattereduksjon	Inntektsverknad, kroner per årsverk
under 50 daa	11	8	1	160 300	35 300	43 400
50-99,9 daa	14	11	2	162 400	35 700	29 200
100-199,9 daa	34	21	1	156 200	34 400	39 200
200-299,9 daa	46	33	4	158 700	34 900	34 400
300-499,9 daa	52	42	2	178 800	39 300	35 300
over 500 daa	31	29	1	217 700	47 900	29 900
Totalt	188	144	11	173 900	38 300	34 200

4 Tabellsamling 2018-2022

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 2018–2022. Det er presentert tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Det er følgjande hovudtabellar:

1. Landsdelstal, Vestlandet landsdel
2. Fylkestal, Vestland fylke
3. Fylkestal, Møre og Romsdal
4. Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer
5. Vestlandet, storleiksgruppe II (50–99 daa), alle driftsformer
6. Vestlandet, storleiksgruppe III (100–199 daa), alle driftsformer
7. Vestlandet, storleiksgruppe IV (200–299 daa), alle driftsformer
8. Vestlandet, storleiksgruppe V (300–500 daa), alle driftsformer
9. Vestlandet, storleiksgruppe VI (over 500 daa), alle driftsformer
10. Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon
11. Vestlandet, driftsformer, sauehald
12. Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin
13. Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau
14. Vestlandet, driftsformer, storfekjøtt spesialisert med ammeku
15. Vestlandet, driftsformer, frukt
16. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 20 årskyr
17. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 20–29,9 årskyr
18. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe frå og med 30 årskyr

Tabellane er delt inn i seks delar: a, b, c, d, e og f

Del a: Produksjonstekniske data og oppnådde prisar.

Del b: Nettoinvesteringar

Del c: Produksjonsinntekter per bruk

Del d: Kostnader per bruk

Del e: Resultatregning

Del f: Balanse og arbeidskapital per 31.12

Landsdelstal, Vestlandet landsdel

Tabell 1a: Produksjonstekniske data og oppnådde priser

År	2018	2019	2020	2021	2022
Tal bruk	180	188	187	184	188
Alder på brukar	49	50	50	50	51
Arealfordeling og avling					
Korn, daa	2,6	2,8	2,8	2,8	3,1
Grovfôr, daa	297,4	297,1	296,8	304,2	305,0
Frukt og bærareal, daa	5,4	5,5	5,4	5,8	5,9
Jordbruksareal, daa	307,3	308,1	307,2	314,9	316,9
- herav leigd areal, daa	157,2	161,9	167,6	171,4	175,5
Korn i alt, FEm pr daa	410	571	321	536	382
Grovfôr, FEm pr daa	308	337	315	320	306
Jordbruksareal, FEm pr daa	310	341	317	323	307
Husdyrproduksjon					
Tal årskyr	15,3	14,8	14,8	15,2	14,6
Kumjølkk, liter omsett	113 214	110 053	109 996	113 890	107 243
Mjølkekvote	126 893	118 522	125 312	129 035	121 272
Produsert mjølk pr årsku, kg	8 162	8 162	8 230	8 298	8 150
Storfekjøt, kg omsett	4 640	4 518	4 362	4 605	4 746
Tal smågriskull	4,0	3,0	2,0	1,9	1,7
Svinekjøt slaktegris, kg omsett	2 626	2 704	2 255	2 243	2 196
Tal vinterfôra sauer (vfs)	40,0	36,0	39,2	40,5	38,8
Kg kjøt pr vfs	27	28	28	29	29
Ull, kg omsett pr vfs	3,5	3,6	4,1	3,8	3,4
Årsgeiter	2,1	4,7	5,0	4,9	4,8
Geitemjølkk, liter omsett	1 482	2 875	2 954	2 778	2 707
Mjølkekvote	1 417	2 992	3 009	2 839	2 808
Produsert mjølk pr årsgeit, kg	834	669	631	609	607
Arbeidsforbruk, timar					
Sum familie	2 391	2 404	2 405	2 445	2 386
Leigd arbeid	971	1 131	1 035	1 009	1 034
Sum timar i jordbruket	3 362	3 535	3 441	3 454	3 420
Sum timar i skogbruket	26	25	33	35	44
Familiens arbeid på nyanlegg	31	42	68	41	82
Oppnådde priser					
Bygg, kr pr kg	2,59	2,40	2,61	2,62	3,63
Kumjølkk, kr pr l	5,57	5,47	5,19	5,80	6,24
Kukjøt, kr pr kg	45,49	44,38	45,49	49,82	57,08
Anna storfekjøt, kr pr kg	52,74	51,14	53,20	58,30	64,90
Smågris for sal, kr pr stk.	786	755	851	950	1210
Svinekjøt slaktegris, kr pr kg	26,38	26,05	28,07	30,74	34,51
Sau- og lammekjøt, kr pr kg	36,17	41,40	42,30	46,77	60,49
Ull, kr pr kg	36,17	33,97	32,95	33,85	36,10
Geitemjølkk, kr pr l	6,70	6,62	6,31	7,03	7,48
Egg, kr pr kg	20,14	21,64	26,58	24,40	23,10

1) Inkl. nytta halmavling

Tabell 1b: Nettoinvesteringar

År	2018	2019	2020	2021	2022
Jord, grøfter og vassanlegg	43 112	9 876	36 728	29 345	22 242
Driftsbygningar	32 345	131 657	105 451	98 395	22 204
Maskinar og reiskap	41 132	38 074	30 087	28 728	54 763
Mjølkvote (ku og geit)	43 020	35 387	22 576	21 405	3 449
Sum nettoinvesteringar	159 609	214 994	194 842	177 873	102 658

Tabell 1c: Produksjonsinntekter per bruk

År	2018	2019	2020	2021	2022
Korn	2 823	3 900	2 339	3 932	4 413
Frukt og andre planteprodukt	116 270	147 546	110 965	144 722	153 909
Planteprodukt i alt	119 093	151 446	113 304	148 654	158 322
Husdyrprodukt					
Storfe, mjølk	630 651	601 882	570 791	660 873	669 115
Storfe, livdyr	32 963	32 008	41 103	43 984	42 493
Kuslakt	93 906	87 215	96 746	108 130	126 610
Anna storfeslakt	142 129	140 020	147 889	192 550	220 916
Smågris	13 702	10 359	7 466	6 828	7 580
Slaktegris	68 539	68 369	63 796	72 563	75 172
Avlsgris	473	436	1 272	138	980
Sauer, livdyr og slakt	49 761	47 306	54 621	68 915	71 133
Ull	4 963	4 351	5 121	5 325	4 946
Geiter, mjølk	9 928	19 048	18 627	19 527	20 257
Geiter, livdyr og slakt	300	338	999	758	1 176
Andre inntekter, husdyrhald	31 204	35 340	38 233	37 550	42 800
Husdyrprodukt i alt	1 078 519	1 046 672	1 046 664	1 217 141	1 283 178
Tilskot					
Kulturlandskapstilskot	42 040	43 443	44 389	44 143	59 663
Arealtilskot, grovfôr	62 443	78 792	82 260	85 236	111 245
Arealtilskot, korn	672	603	727	764	882
Produksjonstillegg, husdyr	112 549	114 256	123 797	132 263	184 584
Botnfrådrag	-6 266	-6 130	-6 193	-6 527	-6 388
Drifts-, grunn og distr.tilskot	270 314	294 682	292 773	331 064	325 832
Beitetilskot	41 786	44 744	50 512	55 691	55 946
Regionale miljøtilskot	15 764	21 126	23 237	25 038	26 575
Refunderte avløysarutgifter	62 013	64 939	70 468	70 741	72 080
Andre tilskot	40 452	21 613	31 158	26 010	32 422
Tilskot i alt	641 767	678 068	713 128	764 423	862 841
Leigeinntekt, traktor og reiskap	20 886	26 472	28 066	23 885	32 695
Andre inntekter	27 620	12 802	36 585	35 609	18 137
Produksjonsinntekter i alt	1 887 885	1 915 460	1 937 748	2 189 710	2 355 173

Tabell 1d: Kostnader per bruk

År	2018	2019	2020	2021	2022
Variable kostnader					
Kraftfôr	368 844	361 627	369 364	381 739	416 395
Anna fôrkostnader inkl. beiteleige	46 059	38 636	44 596	38 538	40 908
Såvarer	7 315	9 358	10 437	9 030	10 479
Handelsgjødsel og kalk	53 843	55 654	53 568	57 808	79 903
Plantevernmidler	4 958	4 992	6 262	5 966	7 833
Konserveringsmidler	9 731	12 355	11 487	12 166	15 151
Andre forbruksartiklar m.v.	106 437	115 897	112 746	123 158	128 484
Kjøp av dyr	52 048	54 356	52 050	55 734	54 070
Sum variable kostnader	649 235	652 875	660 510	684 139	753 223
Faste kostnader					
Leigd arbeid	136 249	157 382	150 389	155 666	165 587
Drivstoff	39 237	40 238	35 985	43 711	62 860
Vedl.h. jord, vegar, grøfter og vassanl.	11 394	8 942	8 793	9 976	11 035
Vedl.h. driftsbygningar	49 824	57 268	64 233	68 086	69 251
Vedl.h. traktor og maskinar	74 163	79 149	80 229	86 551	92 754
Avskr. jord, vegar, grøfter og vassanl.	5 587	7 742	8 284	7 651	8 749
Avskr. driftsbygningar	125 389	132 057	137 181	147 143	153 357
Avskr. traktor og maskinar	91 467	93 642	97 878	107 246	114 615
Maskinleige	70 980	79 149	78 154	87 906	97 208
Leige av dyr og bygningar	13 203	7 142	3 420	4 644	4 344
Leige av kvote	8 538	11 565	12 221	13 525	13 411
Andre faste kostnader	153 828	160 561	155 205	175 607	185 326
Sum faste kostnader	779 859	834 837	831 972	907 710	978 498
